

## Innspel til planprogrammet til Kommunedelplan kultur, idrett og friluftsliv

Takk for eit informativt digitalt møte om planprogrammet 31. januar. Alversund mållag ønskjer å vere ein aktiv medspelar i planprosessen, og styret har følgjande innspel til planprogrammet:

### Kunnskapsgrunnlag

I 2017 gjorde innleigd konsulent Rune Håndlykken ei grundig vurdering av behov for kulturhus i dåverande Lindås kommune. Han tok omsyn til at kulturhuset måtte bli eit regionalt hus, og hadde mellom anna mange samtalar med lag og organisasjonar i kommunane Lindås, Meland og Radøy. Moglegheitsstudien legg opp til ein kombinasjon av kulturhus og symjehall som vil fremje samarbeid og gje synergieffektar mellom idretten og kulturlivet elles i kommunen og vi vil be om at Moglegheitsstudien vert lagt til som ein del av Kunnskapsgrunnlaget under «Eksisterande kunnskap» i vedlegget til planprogrammet.

### Planprogrammet kap. 5 Avgrensing av innhald

a. Nytt tema: språk.

Alver kommune er medlem av LNK som mellom anna arbeider for å styrkje dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for. Medviten språkbruk er uttrykk for vår kulturelle identitet, og er eit tema som grip inn i mange kulturelle uttrykk og aktivitetar. Som eit aktuelt døme kan «språkbruksplan» førast opp:

TEMA	DØME
Språk	Språkbruksplan

b. Oppført tema: Kultur- og idrettsanlegg

I oversikta over kva planen skal gje ei overordna vurdering av, er det oppført Kultur- og idrettsanlegg, med døme «samfunnhus, fotballbanar og tilrettelagte øvingslokale». Her meiner vi eit spesifisert døme må vere «Kulturhus med symjehall». Innbyggjarane har ønskt seg eit regionalt kulturhus i meir enn 50 år, og tida er inne til ei tidfesting og konkretisering av planar for eit slikt bygg. For laget vårt vil det bety gode møte- og arrangementslokale, og ikkje minst ein god arena for samarbeid med andre lag og organisasjonar.

c. Nytt tema: stadnamn

I høyringsutkastet til samfunnsdelen av kommuneplanen peikar kommunen på kulturminnevern som eit viktig grunnlag for samfunnsutviklinga. Utkastet peikar òg på at Alver kommune skal vera ein aktiv nynorskkommune og arbeida medvite med både talemål og skriftspråk. Alversund Mållag støttar dette, og meiner derfor at stadnamn må få ein viktig plass i den kommunale forvaltinga av språkarven. Stadnamn er både immateriell kulturarv og ein praktisk "nyttegjenstand" i samfunnet gjennom adressering, kartfesting navigasjon m.m. Mange stadnamn er i dagleg bruk, andre

ikkje, men dei ligg der med informasjon om bruken av landskapet i notid og fortid. Stadnamna er såleis en del av den lokale kulturen, men òg offentleg eigedom. Det finst eit regelverk som stiller krav til korleis kommunane forvaltar stadnamna.

Alver kommune er prega av tilflytting med sterk vekst i delar av kommunen. Stadnamna kan fortelja om tidlegare tider, gje identitet og gjera innbyggjarar stolte av å bu her. Stadnamna er grunnlaget for namn på kommunale vegar. Stadnamna har også verdi for friluftslivet, det vert endå kjekkare å gå tur i Alver når ein veit kva det heiter, der ein ferdast. Skilting av stadnamn både «i marka» og i tettstedene må kvalitetssikrast av kommunen, og kommunen må syta for samordning og kvalitetssikring av den språklege forma på namna.

Det er gjort mykje god frivillig innsats med innsamling og kartfesting av stadnamn i Alver kommune, men Nordhdlandskart viser òg at det finst store "kvite flekkar" der det framleis trengst ein innsats. Dette kan mellom anna gjerast gjennom samarbeid mellom kommunale instansar og den frivillige sektoren. Alversund Mållag er eitt av mange lag i kommunen som kan mobiliserast til eit slikt samarbeid, men det er viktig at kommunen etablerer eit apparat som kan samordna og leia arbeidet – me peikar her på kulturetaten og teknisk sektor.

Formidling av kunnskap om stadnamn til born og unge er noko mållaget er oppteke av, derfor meiner me òg at oppvekstetaten sentral i dette arbeidet.

TEMA	DØME
Stadnamn	Organisering av arbeidet med å registrera stadnamn og spreia kunnskapen om dei